



Statens vegvesen

Noregs vassdrags - og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tom>

Vår referanse:
2014/043509-004

Dykkar referanse:
201002635-11

Vår dato:
17.06.2014

Uttale til søknader om løyve til å byggje fleire småkraftverk i kommunane Ørskog og Sykkylven i Møre og Romsdal

Viser til brev av 7.4.2014 frå Noregs vassdrags - og energidirektorat.

(Brevet frå NVE er adressert og sendt til Vegvesenet i Region vest, men etterkvart motteke av Region midt som rette adressat.)

Saka gjeld uttale til søknader om løyve etter vassressurslova til å byggje 10 småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar, og om løyve etter energilova for bygging og drift av anlegga med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Statens vegvesen har m.a. desse merknadene/kommentarane til søknadane som ligg føre:

→ **Grytuvatnet kraftverk – Grytuvatnet kraftutbygging, Ørskog kommune.**

Søknaden omfattar ikkje tiltak, etter det vi kan sjå, som inneber særskild avklaring/løyve i høve til Statens vegvesen sine interesser.

→ **Kverve kraftverk – Grytuvatnet kraftutbygging, Ørskog kommune.**

Det må søkjast og avklarast med Statens vegvesen om løyve til:

- Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå fylkesveg 102.
- Etablering av rørdemoni innanfor byggegrensa langs fylkesveg 102, herunder løyve til avkøyrsløse.

→ **Vaksvik kraftverk – Vaksvik Kraft SUS, Ørskog kommune.**

Det må søkjast og avklarast med Statens vegvesen om løyve til:

- Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå fylkesveg 650.
- Etablering av rørdemoni innanfor byggegrensa langs fylkesveg 650, herunder løyve til avkøyrsløse.
- Kryssing og nærføring av fylkesveg 650 med rørgate.

Arbeid på og ved fylkesvegen må varslast etter plan godkjend av Vegvesenet.

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

→ **Vestre kraftverk – Vestrekraft SUS, Ørskog kommune.**

Det vert i søknaden lagt opp til ny veg frå fylkesvegen 650 og ned til planlagd kraftstasjon. Tilkomstveg – slik det er skissert i søknaden – vil innebere etablering av ny avkøyrsløse på ei strekning av fylkesvegen med krappe svingar og dårleg sikt, med etter måten stor trafikkmengde og høgt fartsnivå. Og ei ny avkøyrsløse her vil innebere opning i eksisterande samanhengande vegrekkverk. Utifrå trafikktryggleiken og trafikkavviklinga på aktuelle delstrekning av fylkesvegen er det ikkje særleg tilrådeleg med etablering av skisserte avkøyrsløsløysing.

Det må søkjast Statens vegvesen om løyve til:

- Etablering av ny avkøyrsløse frå fylkesvegen, herunder avkøyrsløse til mellombels veg.
- Etablering av rørdeponi innanfor byggegrensa langs fylkesvegen, herunder løyve til avkøyrsløse.
- Kryssing og nærføring av fylkesvegen med rørgate og straumline

Arbeid på og ved fylkesvegen må varslast etter plan godkjend av Vegvesenet.

→ **Ørskogelva kraftverk – Ørskogelva kraft SUS, Ørskog kommune.**

Tilkomst til kraftstasjonen frå etablert kryss/avkøyring frå fylkesveg 103.

Bruk av Kvanndalsvegen som tilkomst til inntaksområde vil inneber – etter det vi forstår – utvida /endra bruk av avkøyrsløse frå E39/E136. Ved utvida/endra bruk av nemnde avkøyrsløse må det søkjast Vegvesenet om løyve.

→ **Aurdal kraftverk – Aurdalselva Fallrettslag SA, Sykkylven kommune.**

Søknaden omfattar ikkje tiltak, etter det vi kan sjå, som inneber særskild avklaring/løyve i høve til Statens vegvesen sine interesser.

→ **Kroken kraftverk – Kroken Kraftverk SUS, Sykkylven kommune.**

Søknaden omfattar ikkje tiltak, etter det vi kan sjå, som inneber særskild avklaring/løyve i høve til Statens vegvesen sine interesser.

→ **Øvre Huna og Nedre Huna kraftverk – Huna kraft AS, Sykkylven kommune.**

Det må søkjast og avklarast med Statens vegvesen løyve til:

- Etablering av avkøyrsløse til ny veg frå fylkesveg 71, herunder utvida/endra bruk av eksisterande avkøyrsløse.
- Kryssing og nærføring av fylkesvegen med rørgate og kabel.
- Etablering av tiltak, herunder opplag m.m., innanfor byggegrensa langs fylkesvegen.


Arbeid på og ved fylkesvegen må varslast etter plan godkjend av Vegvesenet.


→ **Gimsdalselva kraftverk – Gimsdalselva fallrettseigarlag, Sykkylven kommune.**

Søknaden omfattar ikkje tiltak, etter det vi kan sjå, som inneber særskild avklaring/løyve i høve til Statens vegvesen sine interesser.

Plan og trafikkseksjonen

Med helsing

for 
Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar


Hallvard Sæverud